



Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1909 - 14/12875

Saksbehandlar:

Nina Randal

nina.randal@meland.kommune.no

Dato:

29.08.2014

Søknad om midlar til Den Kulturelle Spaserstokken i Meland 2015

I Meland er kulturtilbod til dei eldre gjennom Den Kulturelle Spaserstokken blitt utvikla gjennom mange år. Tilboda varierer frå faste årlege hendingar til prosjekt retta inn mot bebuarar på institusjonar.

Målgruppa er eldre busette i kommunen og eldre i institusjonar.

Meland kommune søker om midlar til følgande arrangement i 2015:

Minneskrinet – eit samarbeid med Museumssenteret i Hordaland.

Arena: Lerketunet. Avdeling for demente på Meland sjukeheim.

Kulturgrenne/tema: Kunstprosjekt

Søknadssum: 18.000,-

Anna finansiering: 12.000,- frå Helselaget i Meland

Med basis i syskrinet og verktøykassen pakkar ein formidlar ut eit og eit verktøy og let bebuarane halde og snakke om gjenstanden. Verktøya er kjende og brukt opp igjennom tidene. Kombinert med musikk kjem historiane fram. Dette prosjektet er eit samarbeid med Museumssenteret i Hordaland. Ein gong i veka kjem den same formidlaren med skrina sine. Prosjektet tek til i desember 2014. Eit liknande prosjekt har vore gjennomført ved Norsk teknisk museum og gitt gode erfaringar i arbeidet med demente.

Kulturkveld

Arena: Nordhordland folkehøgskule

Kulturgrenne/tema: Musikk / teater /dans / kåseri

Søknadssum: 30.000,-

Anna finansiering: Billetttinntekter, trivselskomiteen (bidreg med økonomisk støtte etter søknad), frivillige.

2 kulturkveldar i året for seniorar er blitt ein tradisjon i Meland. Ein om våren og 1.oktober på den internasjonale eldredagen. I 2014 har vi hatt fokus på grunnlovsfeiringa og arrangerte framsyninga «Terje Vigen» med Helge Jordal i mars.

I 2015 har vi engasjert Olav Stedje 12.mars.

Vi ser det som viktig å presentere lokal amatørkultur i tillegg til profesjonell kunst på desse kveldane. Det vere seg lokale kor, elevar frå kulturskulen, dansegrupper eller sogelag. Dette gjer programmet spennande og innhaldsrikt for eldre – og vi har fått mange gode tilbakemeldingar på ei slik samansetjing.

Det blir sett opp skyss for dei som ikkje kan ta seg fram til lokalet på eiga hand.

I samband med arrangementet 1.oktober - knyttar vi det opp mot arrangement på sjukeheimen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Filmframvisning på Eldresenteret

Arena: Eldresenteret på Sjukeheimen i Meland

Kulturgrenne/tema: Film

Søknadssum: 12.000,-

Anna finansiering: Trivselskomiteen, Helselaget, frivillige

Eldresenteret på sjukeheimen er utstyrt med projektor, lerret og blendingsgardiner. Vi har tidlegare arrangert filmframvisning for bebuarar på sjukeheimen og brukarar av dagsenteret der. Tilbakemeldingane frå bebuarane og tilsette på sjukeheimen var så positive at vi vil gjere dette til eit fast tilbod. Vi startar denne hausten med tilbod om filmframvisning ein gong i månaden.

Vi har fått til eit samarbeid med Danielsen Ungdomsskule på Frekhaug – der elevar som har valfaget «ein innsats for andre» er med og arrangerer. Dei skal ta hand om klargjering og gjennomføring i samarbeid med den kommunale arbeidsgruppa som har ansvar for Den Kulturelle spaserstokken i Meland.

Denne hausten er filmskapar Øyvind Sandberg sine filmar på plakaten. Han har laga mange filmar frå Vestlandet og regionen her i Nordhordland. Etter kvart vil vi vise ulike filmar innan ulike sjangrar – med vekt på norske filmar.

Meland kommune søker om tilsaman 60.000,- til Den Kulturelle spaserstokken i Meland.

Vi har sett opp eit program som femner om ulike kunstgenrer og har vore opptatt av å kunne gje eldre i kommunen profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet. Vi har også teke omsyn til tradisjonar og ønskjer frå eldre som er engasjert og brukarar av tilboda frå Den Kulturelle spaserstokken i Meland.

Vårt mål er å utvikle oss og finne nye samarbeidspartnarar som kan vere med å bidra til nye spennande kulturopplevingar for eldre.

På grunn av begrensa tilgong til lokaler nord i kommunen – har me valt å tilby skyss til dei som er busette der og vil delta på arrangement. Vi treff også ein del av desse på arrangement på eldresenteret som brukarar av dagsenteret.

Med helsing

Nina Randal
dagleg leiar Frivilligsentral

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bente Bing Kleiva
Klara Hansen
Sigurd Knudsen

Mottakere:
Hordaland fylkeskommune